

— 30 —

heldt han seg frisk og livande i *talemaalet* hjaa folket. Soleis vart det daa *two maal* her i landet. Paa den eine sida det *danske framandmaalet* til bruk i skrift og bok, men som i fyrstningi berre vart tala av innflutte danskar og slike nordmänner som av ymse grunnar tykte mun i det. Paa den andre sida det *norske nedervide maal*, som folket i det store og heile tala kvar i sitt maalføre, men som ikkje lenger hadde nokor aalmenn skriftform, og som folket ikkje fekk sjaa paa prent. Dette er upphavet til den maalkløyving me hev her i landet den dag i dag.

Det norske talemaalet hadde brigda seg mykje i den millomnorske tid. Gjennom all den ende-lause røra i millomnorsken kann me sjaa korleis maalføri umlagar seg, fylgjer det vesteuropæiske straumdrag, kastar uvigtuge former, men held uppe det gamle ljodverk og det gamle ordrike. Ved enden av dette tidebilet (umkr. 1525) er det norske maal umstøypt fraa eit gamalt formtungt til eit nytt formlett maal. I dei fleste stykke hadde det i fyrstningi av det 16de hundr. same svipen som no. Eit nynorsk maal var ferdigt; det venta berre paa nordmänner som hadde hug og dug til aa bruka det i skrift, og paa ei ætt som hadde mod og magt og nasjonal ærekjensla nok til aa krevja rett og vyrdnad i landet for Norigs eige maal.

Av brigde fraa gamalnorsk i den millomnorske tidi vil me berre nemna:

f og *ð* gjeng yver til *t* og *d* umkr. 1425,
t. d. *ting* (g.norsk *þing*), *dat* (g.norsk *fat*, det).
— *adi* i fortid av gjerningsord vert til — *ae* og

*) Paa Island heldt dei paa bokmaalet sitt, og hev det den dag i dag.